



Siv.ing Vidar Mjøs  
Vidar Mjøs  
Fabrikkgaten 7b  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/178 - 14/12466

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
14.11.2014

## Plansak 12602010000300 - detaljplan - Fløholmen - framlegg til endringar - svar

Dykkar e-post av 31.10.14, med utkast datert 31.10.14:

*«Eg vil be kommunen vurdera om det er aktuelt å vidareføra utiklings- og planarbeidet for Fløholmen med eit slikt nytt grep, i to trinn :*

*- prosjekt småbåthamn vert handsama som eit som eit tiltak med basis i eksisterande fylkesveg og eksisterande kommuneplan*

*- arbeid med reguleringsplan for utvida næringsområde med kaianlegg på bnr. 12 og 37 vert sett i gang, som områdeplan, med ny varsling og utarbeiding av planframlegg og offentleg høyring av dette, parallelt med at framlegget vert registrert som innspel til revidert kommuneplan.»*

Trinn ein vil krevje dispensasjon frå plankrav etter plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6. Ein søknad om dispensasjon vil verte handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

Søknad om dispensasjon frå plankrav vart handsama av hovudutvalet 26.06.13 og avslag vart endeleg stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland 06.09.13.

Trinn to vil vere ein ordinær planprosess for privat forslag til reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova kapittel 12. Ein planprosess vert starta opp med obligatorisk oppstartsmøte, jf. plan- og bygningslova § 12-8. Når det vert fremja privat forslag til reguleringsplan i strid med overordna plan rår Radøy kommune til at saka vert lagt fram for hovudutvalet til førehandsuttale før utarbeiding og innsending av planframlegg.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
Kommunalsjef drift og forvaltning

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7b 5059

BERGEN